

# RØLDAL FJELLSTYRE



## ÅRSMELDING 2014

### INNHALD:

1. Røldal statsallmenning
2. Røldal fjellstyre
3. Hytter og stølar
4. Villreinjakt
5. Småviltjakt
6. Fiske
7. Ymse
  - a) Fjellhelg
  - b) Røldalsmarknaden

## 1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Odda kommune i Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Deler av allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 3 hytter som allmugen kan nytta og 4 stølar.

## 2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2012 – 2015 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Ellen Drangevåg	- vara: Håkon Sandal
Nestleiar:	Helleik Rabbe	- vara: Odd Inge Tvedt
Sekretær:	Randi T. Legård	- vara: Nils Gunvald Hamre
Styremedlem:	Torleif Fresvik	- vara: Morten Nilssen
Styremedlem:	Svein Myrheim	- vara: Oddbjørn Lynghammer

Fjellstyret har hatt 7 styremøte i 2014 og handsama 47 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Sal av småviltjakt- og fiskekort har vore på 1 bensinstasjon, turistinformasjonen og Haukelisæter turisthytte. I tillegg har det vore selt småviltjakkort på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH),

7 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre).

### 3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr. år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

#### Hytter:

##### **Ninive 1202 m.o.h**

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

##### **Eriksbu 1167 m.o.h**

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m<sup>2</sup> og har 12 senger.

##### **Gamlebua 1167 m.o.h**

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

Denne hytta er blitt restaurert i tillegg til at det er bygd nytt uthus/toalett. Ein stor takk til Oddvar Øvregård og Bernt Løland for dugnadsinnsatsen her!

#### Stølar:

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har no fått 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag. Det har vore møte med leigetakarane der vi har kome fram til oppgraderingstiltak.

##### **Ståvassvika 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

##### **Midtfjellsvollen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

##### **Hadlene 976 m.o.h**

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og agregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

##### **Ulvabotnen 976 m.o.h**

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut. Alternativ drift.

## 4. Villreinjakt

### Tildelt kvote 2014

#### Syd for E- 134

2 bukk  
4 simle/ungdyr  
6 simler  
11 kalv

#### Nord for E-134 ( Hardangervidda)

56 bukk/frie dyr  
278 simle/ungdyr  
37 kalv

Felling for 2014 blei 26,08 % på syd og  
25,60 % på nord

### Prisar på fellingsløyve av rein

Fritt dyr kr. 1200,-  
Simle/ungdyr kr. 800,- ( 1600,-) utanbygds  
Kalv kr. 400,- ( 800,-) utanbygds

### Samjaksavtalar

Røldal fjellstyre hadde gjensidig samjaksavtale med HA 290 og HA 300 under heile jakta. Jegrar med kort på Røldal Statsallmenning kunne bruka kort frå HA 290 og HA 300 på heile Røldal Statsallmenning. Andre jegrar med kort frå desse valda kunne berre bruka dei inn til Turistvegen som før.

Avgrensa høve til overføring av jaktkort.

### Jegerprøvekurs

Nils Åge Sandal har arrangert kurs for nye jegrar.

## 5. Småviltjakt

Det vart gjeve løyve til småviltjakt utan hund f.o.m 20. September

#### Prisar:

1 dag kr. 190,-  
2 dagar kr. 300,-  
3 dagar kr. 400,-  
Veke kr. 600,-  
Sesong kr. 600,- ( innanbygds) 1200,- (utanbygds)

Fangstrapportane er gjennomgått med fagkonsulent som uttalte at uttaket ikkje var bekymringsfullt

## 6. Fiske

### Prisar:

#### Garnfiske

Sesong kr. 250,- ( innanbygds: + stong)

#### Stong

1 døger kr. 50,-

3 døger kr. 100,-

Veke kr. 150,-

Sesong: kr. 300,-

Garnfiske i Uravatnet har vore fritt då me slit med for mykje fisk. I øvre og nedre Hellevatn har det vore lovleg med 10 garn. Elles på allmenningen gjeld opptil 5 garn.

Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.

Det har blitt sett ut fisk i desse vatna: Trossøvtjørna, Øvre og Nedre Langevotna, Høsingvatnet, Skurvevatnet, Vassdalsvatnet, Tangensjøen og Holmavatnet.



## 7. Ymse

### a) Fjellhelg

Vi har hatt "fjellhelg" som eit samarbeidsprosjekt med Røldal Skule dette året sidan dei skulle ha sin tradisjonelle viddatur som blir arrangert for ungdomsskulen kvart tredje år.

### b) Røldalsmarknaden

Vi hadde som vanleg stand under Marknaden. Vi hadde fått ROU-midlar, så vi hadde ein Quiz med flotte premiar.

Røldal, 26. mai 2015

-----  
Ellen Drangevåg